



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

**Team kulturarv**

Vår dato: 30.01.2026

Deres dato:

Vår referanse 25/22862-3

Deres referanse: 202506295-6

Vår saksbehandlar: Line Grindkåsa

## Svar - Offentleg ettersyn av detaljplan for miljø og landskap for bygging av ny Vinje dam i Vinje kommune

Vi viser til oversending datert 11.12.2025 om offentlig ettersyn av detaljplan for miljø og landskap for ny Vinje dam.

### Om planlagde tiltak og omsynet til kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne på land tiltaksområdet. Norsk Maritimt museum har også vurdert saka, og konkluderer med at det heller ikkje er kjent marine kulturminne som vil komme i konflikt med planlagde tiltak.

Fylkeskommunen har derfor ingen merknader om automatisk freda kulturminne, anna enn å gjere merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd og § 14 første ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.

Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i detaljplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

*Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet bli stansa i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakten avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halda fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova §§ 8 andre ledd 14 første ledd).*

Innanfor tiltaksområdet er det heller ikkje registrera nyare tids kulturminne av nasjonal verdi. Nord for tiltaksområdet ligg likevel fleire gardstun med omkringliggende kulturlandskap, og eit automatisk freda mellomalderloft, kulturminne ID213438-1. Kulturminnet ligg om lag 200 meter frå planområdet.

Vi ber difor om at tiltaka blir godt tilpassa kulturlandskapet omkring. Særleg utforming av veg, og utfyllingar. Det må være krav til at alle skråningsflater blir dekt med jord, og at dei blir sådd med frøblanding. Og som det blir beskrive i detaljplan, at «overflaten skal ha små terrengvariasjoner for å skape dynamikk i overflaten», og «Naturstein delvis nedgravd i det øverste jordlaget vil bidra til å bryte opp overflaten og gi ly for små planter.». Støttemurar i betong, bør bli forblenda med stein. Lukehusa bør tekkast med treverk, slik at også dammen bli betre tilpassa det omkringliggende miljøet.

### **Rundt metode for å skyte utslagssalve for omløpstunnelen**

Det blir beskrive to metodar for å skyte utslagssalve for omløpstunnelen. Metode B inneberer at Vinjevatn blir senka til 4,6 m under LRV. Ei slik nedtapping vil gjennom bølgebryting, erosjon og blottlegging av organiske materiale som for eksempel trevirke i båtvrak, kunne ha en stor negative konsekvens for automatisk freda kulturminne. Slike konsekvensar er ikkje vurdert i planen.

Om metode B blir vald vil det vere aktuelt å gjennomføre arkeologiske registreringar i heile den nedtappa sona, jf. kulturminnelova § 9. For å kunne planleggje ei slik registrering, ber vi om tilgang på dybdekart/skanningar som er gjennomført for å kartleggje korleis senkinga vil påverke innsjøen. Vi gjer også merksame på at tre til fem dagar, som er det planlagde tidsintervallet innsjøen skal vere tappa ned, ikkje vil vere tilstrekkeleg for å gjennomføre registreringar og avklare forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminne.

### **Vurdering**

Telemark fylkeskommune har ingen merknader til dei planlagde tiltaka for bygging av ny Vinje dam. Vi gjer likevel merksame på at ved ein eventuell søknad om løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet for å senke magasinet, skal fylkeskommunen være høyringspart slik at behov for og omfang av arkeologiske registreringar kan vurderast.

Med helsing

Eystein Andersen  
Teamleder  
Kulturarv

Line Grindkåsa  
Arkeolog  
line.grindkasa@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Mottakere:  
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Kopi til:  
NORSK MARITIMT MUSEUM